

---

Saksnr: 2020/35690-46  
Saksbehandlar: Karl Inge Nygård  
Dato: 16.11.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet, Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Båtanbod Sogn og Fjordane - Status

Fylkesrådmannen syner til PS 158/2020 (lokalbåtsamband i Sogn og Fjordane) der fylkesutvalet 17.09.20 fatta følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannen sin vurdering knytt til behov for dieselgenerator på fartøya og ber om at fylkesrådmannen i sitt vidare arbeid legg til grunn bruk av hybride driftsløysingar.
2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert innretta slik at miljøambisjonen knyt seg til heile rutepakka.
3. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannens vurderingar knytt til driftsoppstart for ny kontrakt. Fylkesrådmannen får derfor fullmakt til å kunngjere og inngå kortsiktig kontrakt for drift av sambanda i Rutepakke 2 for perioden 1. mai 2022 til 01.05.2024 med opsjon om forlenging med yttarlegare 1+1 år.
4. Fylkesutvalet tek saka forøvrig til orientering.

I saksframlegget til nemnte sak var det vidare uttalt at ein i vil arbeide vidare med kostnadsestimata knytt til dei einskilde hybridalternativa og i løpet av hausten leggje fram sak med forslag om miljøambisjon for rutepakke 2.

Fylkesrådmannen viser vidare til PS 193/2020 (hurtigbåtsamband i Sogn og Fjordane) der fylkesutvalet mellom anna fatta følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen i sitt vidare arbeid med ny driftskontrakt for Rutepakke 1 legg til grunn modellalternativ B; det vil seie ein kontrakt for bygging og drift der ein opnar for hybridløysingar med ei innfasing innan utgangen av 2024.

2. Fylkesutvalet ber vidare om at fylkesrådmannen legg til rette for utlysing av ein nullutsleppspilot.

3. Fylkesutvalget ber om ei sak i november der momenta i punkt 4 i notat datert 22.09.20 er utgreid:

- Ambisjon for hybridgrad
- Framlegg til bruk av tildelingskriteria eller eventuell bonusmodell, inkludert vekting
- Kontraktlengd og kontraktsform (brutto og netto) for rutepakke 1
- Konkurrans- og kontraktsstrategi for pilotkontrakt
- Framlegg til samband- eller rekkeviddekrav for pilotfartøy
- Eigarskapsmodell for pilotfartøy

4. Fylkesutvalet presiserar at det er viktig at fylkeskommunen oppnår økonomisk støtte fra verkemiddelapparatet og det er ein føresetnad at løysinga sikrar god driftssikkerheit, frekvens og regularitet.

5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå mellombels kontrakt (forlenging/ ny kontrakt) for perioden mai 2022 til utgangen av 2024, med mogelegheit til å avtale opsjon på 1+1 år.

Fylkesrådmannen vil med dette varsle om at det er behov for ytterlegare tid til bearbeiding for å sikre ein anskaffingsstrategi der den politiske ambisjonen om utsleppsreduksjon vert sikra til ein føreseieleg kostnad. Desse sakene vil difor bli fremja til hovudutval for samferdsel og mobilitet den 12.01.21 og fylkesutvalet den 20.01.21.